
Fra: Irene Nærbø Wilhelmsen
Sendt: 31. januar 2018 11:28
Til: Eilin Houlison Molvik
Kopi: Rune Kilen; Kjetil Eikefet
Emne: SV: 18/2500 Til uttale - retting av siktilhøve i avkøyrsløse - gbnr 137/563 Alver

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei,

Vegavdelinga i Lindås kommune godtek ikkje trafikkspjegl/sladrespjegl som akseptabel løysing, på lik linje med Statens vegvesen. Bakgrunnen for dette er at slike spegl lett kan komme ut av stilling og gi feil bilete. I tillegg er dogg, frost, snø, sprekker, vegetasjon og anna moment raskt vert eit hinder for at sikta vert oppretthalden. Vegavdelinga har ikkje kapasitet til å ta på seg den type vedlkehald av slike spegl spredt rundt i kommunen og det er denne avdelinga som har ansvar for vegutstyr langs kommunal veg. Samla sett vil difor ikkje trafikkspjegl her vere med på å auke tryggleiken for sikt i avkøyrsløse.

Eg og Kjetil Eikefet kørde forbi desse murane i går for å sjå på saka. Me ser at 137/565 har kutta sin mur, slik at denne ikkje er høgare enn rundt 0,5m. Me ser ikkje at det skal vere noko som hindrar 137/564 og 137/563 å utføre liknande tiltak for å betre siktilhøva. For 137/564 vil det berre vere å seinke allereie låg mur yttarst for å gi god sikt. Litt meir omfattande for 137/563 som vil få litt mindre plass oppe på toppen, då muren må trekkjast inn mot huset. Men, det let seg fullt og heilt gjere.

Ulike kommunar praktiserer siktkrava ulikt. I ei 30km/t sone, har vegavdelinga Lindås valt å leggje seg på same linje som Bergen kommune, altså krev me 3x20m som eit minimum. Hindringar i siktsona skal ikkje overstige 0,5m.

Ha ein fin dag!

Mvh
Irene Wilhelmsen | Ingeniør - vegavdelinga

E-post: irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 98 | **Mobil:** +47 994 66 658
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: fredag 26. januar 2018 08:43
Til: Rune Kilen
Emne: 18/2500 Til uttale - retting av siktilhøve i avkøyrsløse - gbnr 137/563 Alver

Sjå vedlegg

Notatet er også sendt via ACOS

Kunne dere ha sett på denne og komt med en vurdering med omsyn til tiltak, heimelshavar av gbnr. 137/565 har måttet justere sin mur i høve til avkøyrsløse til eigedom gbnr. 137/566.

Desse treng nok dialog med dykk for å komme til ei løysing som kan verte akseptabel med omsyn til veglova.

Vi er takknemlig for snarleg attendemelding.

Eilin H. Molvik | rådgjevar byggesak

E-post: eilinhoulison.molvik@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 78

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.